

## **Informasjon om plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap**

Du kan ha plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Kontakt vaksenopplæringa i kommunen din snarast for å søkje om opplæring eller fritak. Plikta til opplæring inneber at du må oppnå eit minimumsnivå i norsk eller gjennomføre 225 timar opplæring i norsk og 75 timar opplæring i samfunnskunnskap.

Du må sjølv betale for opplæringa. Du kan ha plikt til å gjennomføre denne opplæringa for å få innvilga permanent opphaldsløyve eller statsborgarskap.

Du kan søkje om fritak frå plikta til opplæring dersom du kan dokumentere tilstrekkelege kunnskapar i norsk/samisk og samfunnskunnskap. Du kan også søkje om fritak dersom du kan dokumentere særlege helsemessige eller andre tungtvegande årsaker for fritak.

### **Praktisk informasjon**

Kontakt vaksenopplæringa dersom du har spørsmål eller treng informasjon om fristar og rettar. Du kan også finne informasjon på [www.imdi.no](http://www.imdi.no) og [www.udi.no](http://www.udi.no)